

Frå: Hanne Marie Evensen
Send: mandag 18. oktober 2021 15:13
Til: christian.trender@norconsult.com
Emne: Hydrogenanlegg, forhåndskonf. 127/121 Mongstad

Hei,

Eg har forhørt meg med planavdelinga, og dei skisserte to moglege alternativer:

Du kan sende dei to breva som kommunen tidlegare har sendt til Multiconsult. Det er to moglege scenario her:

1. Byggesakshandsaming etter pbl + konsesjonshandsaming etter energilova NVE. Då må dei avklara med NVE kva søknad om konsesjon skal innehalde. Typisk oppdatert ROS-analyse pluss eventuelt ei KU utgreiing. I tidlegare brev er det forklart kva som må gjerast og eventuelle dispensasjonar som må på plass, lurt å få ordna dei fyrst før ein set i gong med ei omfattande konsesjonsprosess.
2. Planprosess med planendring etter ordinær prosess+ konsesjon + byggesakshandsaming for godkjenning av bygg. Då kan ein pårekna at innhaldet i planendringa vert tilnærma lik som Norconsult måtte gjera i detaljreguleringsplan for hydrogenfabrikk i Stranda kommune. Norconsult må då sende inn eit planinitativ med SOSI for planomriss og bestille eit oppstartsmøte. Framgangsmåte finn dei via Alver kommune si heimeside:
<https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-lage-privat-reguleringsplan/>

Eg legg ved tidlegare rettleiing til byggesøknad for hydrogenfabrikk og tilbakemelding etter møte om hydrogenfabrikk.

Fint om du gjer meg ein tilbakemelding vedkomande førehandskonferansen.

Med venleg helsing

Hanne Marie Evensen | Rådgjevar byggjesak

Telefon: 56 17 11 69

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE